


TERMPOSTEN

Nr. 1
juni 2014

NYHETSBREV OM
TERMINOLOGIARBEID I SPRÅKRÅDET

INNHold:

<u>Redaksjonens vindu</u>	2
<u>Siden sist</u>	2
<u>Nyheter</u>	3
<u>Visste du at? Om lenker til termlister og termbaser</u>	3
<u>På kornet – portrettintervju med Nina Teigland</u>	4
<u>Aktuell term: eksoplanet</u>	4
<u>Spørsmål og svar 1: overtredelsesgebyr på nynorsk?</u>	5
<u>Spørsmål og svar 2: phising og smishing</u>	5
<u>Lesernes hjørne</u>	5
<u>Terminologgen</u>	6
<u>Noen kommende arrangementer</u>	6



Redaksjonens vindu

Sommeren nærmer seg, og kanskje kan Termposten være årets strandlektyre? Lesestoffet omfatter blant annet et portrettintervju med Nina Teigland, seksjonssjef i seksjon for fagspråk og språk i samfunn og høyere utdanning, som er en av de tre nyopprettede fagseksjonene i Språkrådet. Du kan også lese om det avsluttede mønsterpraksisprosjektet i universitets- og høyskolesektoren eller få vite mer om hva en eksoplanet er. Dette er bare noe av det vi kan by på i sommerutgaven av Termposten.

Vi vil også tipse om at dere bør sette av tirsdag 18. november. Da er det Språkrådets årlige språkdag, og i år er det fagrådet for terminologi og fagspråk som er ansvarlig for arrangementet.

Vi ønsker alle våre lesere en riktig god sommer!



Siden sist

Kurs i terminologiarbeid

I juni holdt Marianne et kurs i terminologiarbeid for en nyopprettet gruppe som skal arbeide for at det utvikles mer terminologi på norsk tegnspråk. Kurset var del av et oppstartseminar for gruppa. Seminaret ble holdt i Språkrådets lokaler, og det var tolv deltakere i gruppa. Termgruppa for tegnspråk er i en oppstartsfase, og kurset inneholdt derfor en introduksjon til terminologiarbeid og terminologisk metode i tillegg til tips og råd om hvordan terminologiprojekter kan organiseres, og hva man bør være oppmerksom på i arbeidet med terminologi.

Migrasjonsterminologi

Språkrådet har bidratt med råd og hjelp i en oppdatering av termlisten til European Migration Network. European Migra-



tion Network er et nettverk som koordineres av Europakommisjonen, og som skal informere om migrasjon og asyl. Nettverket består av nasjonale nettverk i alle EU-landene samt Norge. Termlisten er en felles-europeisk termliste for termer innen asyl og migrasjon. I Norge er det Utlendingsdirektoratet (UDI) som har ansvar for å legge inn norske termer. Språkrådet har bidratt med en gjennomgang av bokmålstermene samt forslag til nynorsktermer. Termlisten er på ca. 300 termposter og publiseres til høsten.

Terminologen nr. 2 er gitt ut!

Terminologen er skriftserien til Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk.

Den første utgaven kom ut i 2012. Nå foreligger utgave nr. 2, med tittelen «Terminologi – ansvar og bevissthet». Denne utgaven er en rapport fra det sjette europeiske terminologitoppmøtet, som ble arrangert i Oslo i oktober 2012 av Språkrådet i samarbeid med Den europeiske terminologiforening (EAFT). [Du kan lese mer her og bestille rapporten, som er gratis.](#)



Nyheter

Mønsterpraksisprosjekt

Mønsterpraksisprosjektet i kjemi er no over, og resultatet er over 300 termpostar i Språkrådets termwiki. Erfaringane frå prosjektet har munna ut i ein rapport og ei rettleiing som gir praktiske råd i terminologi-arbeid. Desse skal vere til hjelp for andre akademiske fagmiljø eller andre som ønskjer å starte liknande prosjekt.

[Du kan lese meir her.](#)

Datatilsynet i termwikien

Datatilsynet har gått gjennom sin ordliste med begreper fra personvernområdet, og Språkrådet har deltatt i denne prosessen. Termer på både bokmål og nynorsk samt forklaringer er lagt inn i [Språkrådets termwiki](#). Ordlista ligger også på [Datatilsynets nettsider](#), i tillegg til at forklaringene vises i sprettoppvinduer når du klikker på et uthevet ord i en tekst på sidene til Datatilsynet.

Ny sjef i TNC

[Terminologisentrum TNC](#) har fått ny leder. Karin Dellby overtok som leder 10. februar i år da mangeårig leder Anna-Lena Bucher gikk av med pensjon. Dellby har bakgrunn blant annet som terminolog og språkansvarlig hos Scania, og hun har tidligere også drevet med tv-teksting, oversetting og språkrokt.

Prosjektmidlar til språktiltak

Kulturdepartementet har lyst ut 4 millionar kroner i prosjektmidlar til språktiltak. Det kan søkjast støtte til alle slags tiltak som kan vere med på å styrkja norsk språk. Departementet vil også vurdere søknader som gjeld nasjonale minoritetsspråk og norsk teiknspråk.

Søknadsfristen er 1. september.

[Du finn meir informasjon på Kulturdepartementets nettsider.](#)

La norsk forbli patent!

Nærings- og handelsdepartementet foreslår endringer som vil føre til at norsk må vike for engelsk i behandlingen av patentsøknader. Språkrådet mener disse endringene vil svekke det norske fagspråket, og har gitt uttrykk for dette i en høringsuttalelse.

[Du kan lese mer om saken her.](#)
[Språkrådets høringsuttalelse finner du her.](#)

Det europeiske terminologitoppmøtet 2014

Den europeiske terminologiforeininga (EAFI) skipar til det sjuande «toppmøtet» sitt i Barcelona i slutten av november i år. Denne gongen er det katalanske terminologiorganet [Termcat](#) lokal arrangør. I 2012 var det Språkrådet. I år blir temaet «How does social networking affect terminology work?». [Les meir og følg med her.](#)

Visste du at? Om *lenker til termlister og termbaser*

Har du behov for oversettelser av terminologi innen forskjellige fagområder? På nettsidene til Språkrådet finner du lenker til termlister og termbaser på nett som kan hjelpe deg med å finne norske termer på flere fagområder.

På www.spraakradet.no/Tema/Terminologi-og-fagspraak/Lenker har vi samlet en rekke lenker til termlister og termbaser av ulik størrelse. Noen av dem er svært store og inneholder flere tusen termer, slik som [EØS-EU-basen](#) eller [termbasen](#)

[SNORRE](#). Andre er mindre lister, som for eksempel den [engelsk-norske strikkeordboka](#). Siden inneholder lenker til termlister og -baser innen IKT, juss, økonomi, kunst, medisin og politikk, for å nevne noen av fagområdene. Lenkene er ordnet etter fagområde, og de er også inndelt etter om de er norske, samiske, nordiske eller internasjonale. Hvis du vet om termlister eller -baser vi bør ha med i oversikten, kan du sende en e-post til marianne.aasgaard@sprakradet.no.



På kornet – portrettintervju med Nina Teigland

Nina Teigland er seksjonssjef for den nydanna *seksjonen for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning* i Språkrådet. Dermed har ho mellom anna ansvaret for arbeidet med terminologi i Språkrådet.

Kva er det beste med jobben din?

Det må vere at eg får arbeide med å styrke norsk språk på svært mange viktige samfunnsområde.

Kva for utdanning har du etter vidaregåande skule?

Eg er cand. philol. med hovudfag i nordisk. Dei andre faga i graden er engelsk og lingvistikk. I tillegg har eg nokre kurs i leiing frå BI.

Kva var favorittfaget ditt på barneskulen?

Engelsk.

Kvifor er arbeidet med terminologi viktig?

Terminologi er viktig innan all slags fagdisiplinar for presisjon i språket og for å lette kommunikasjonen fagfolk imellom. Det kan òg vere viktig på grunn av tryggleik i arbeidet i visse yrke. Terminologi på norsk er viktig for at språket vårt skal vere samfunnsberande. Norske fagfolk tenkjer oftast best på og med sitt eige språk.

Om du kunne velje eit anna yrke, kva for eit og kvifor?

Lærer. Det er eit hederleg yrke, og ekstremt viktig.



Kva les du helst på fritida?

Romanar og lyrikk, og eit og anna skodespel. Eg les mest nordisk samtidsliteratur.

Kva er favorittermen din?

Skinnefaktor.

Aktuell term: *eksoplanet*

I slutten av februar kunne NTB melde at Den nasjonale romfartsadministrasjonen i USA (NASA) har funne 715 nye eksoplanetar. Ein eksoplanet er ein planet i eit anna solsystem enn vårt eige, ifølgje Oxford Dictionary of Science (2010). Vi kjenner no til nesten 1700 av dei. Det er Kepler-teleskopet, eit romteleskop på under ein meter, som har gjort det mogleg å finne dei, og vi kan rekne med fleire oppdagingar i framtida.

Eksoplanet er eigentleg ei kortform av *ekstrasolar planet*. *Ekso-* er eit prefiks som tyder 'utanfor, ytre'; og kjem opphavleg frå det gresk ordet *ekso* 'ute, utanfor'. Prefikset vert ofte nytta i samband med fagtermar, t.d. *eksoterm reaksjon* (kjemi) og *eksogen sjukdom* (medisin). Ordet *planet* kjem også frå gresk: *planētēs*, som tyder 'vandrar',

ifølgje Nynorskordboka. Ein eksoplanet er med andre ord ein slags ytre vandrar.

Dei gamle grekarane kalla planetane for *astēr planētēs*, vandrestjerner. Dette heng saman med antikkens astronomi, ifølgje [Wikipedia](#) og [Store norske leksikon](#). Før nytta ein ordet *stjerne* både om planetar og om dei eigentlege stjernene, fiksstjernene. Medan fiksstjerner alltid stod i ro i forhold til kvarandre, var nokre himmellekamar i stendig rørsle. Dei var vandrestjerner, altså planetar.

NASA rapporterer om at vilkåra for liv er til stades på fire av dei nyoppdaga planetane. Temperatur på planetoverflata er avgjerande her, og den bør vere slik at vatnet verken fryser eller fordampar, men har ei flytande form.

Spørsmål og svar 1: *overtredelsesgebyr* på nynorsk?

På bokmål nyttar ein den juridiske termen *overtredelsesgebyr*. Kva bør ein nytte på nynorsk?

Språkrådet tilrår *lovbrotsgebyr* på nynorsk. Gebyret det er snakk om, må ha heimel i lov. Forskrifter gjev berre høve til å nytte slike gebyr der sjølve lovheimelen er i orden. *Lovbrotsgebyr* er difor ein god term, og den er allereie brukt i fire lover og ei forskrift, samt ein del departementale førearbeid.

For brot på reglar som ikkje står i lov eller i lovheimla forskrift, kan ein nytte t.d. *regelbrotsgebyr*.

Spørsmål og svar 2: *phishing* og *smishing*

Vi skal omtale fenomenene *fishing* (*phishing*) og *smishing* (*SMiShing*) i forbindelse med nettvett. Dere har tidligere anbefalt *fisking* for *fishing*. Hvis vi følger det mønsteret, bør vi bruke *smisking* for *smishing*, men det føles ikke helt riktig. Hva vil dere anbefale at vi bruker?

Vi er enige i at *smisking* nok ikke er den beste oversettelsen, den gir koblinger til en helt annen betydning enn den vi fisker etter nå. *Smishing* er ifølge oppslagsverket [Webopedia](#) kortformen til *SMS phishing*. Det er altså snakk om svindelforsøk via SMS i stedet for e-post. Termen bygger på *phishing*, der vi altså tidligere har anbefalt *fisking*, eventuelt *nettfiske*, som norsk avløser. *SMS-fisking* kan dermed fungere som en avløser for *smishing*. Den er dannet analogt med den engelske termen og tydeliggjør i hvilket medium fiskingen foregår. Et alternativ kan være *meldingsfiske*, jf. forslaget *nettfiske*. Vi snakker gjerne om *melding* istedenfor *SMS*, og vi tror nok at konteksten vil gjøre det åpenbart at det snakk om elektroniske meldinger.

Lesernes hjørne

I førre utgåve spurde vi om skilnaden på *statue* og *skulptur*. Den gjengse oppfatninga ser ut til å vere at ein *skulptur* er eit tredimensjonalt kunstverk som kan verte laga av mange forskjellige materialar, og som kan førestille kva som helst, både naturalistisk og abstrakt. Ein *statue* derimot må vere eit

vesen, altså eit menneske, dyr eller fabelvesen. Ein innsendar skriv: «en statue er alltid en skulptur, men ikke motsatt».

I *Illustrert kunstordbok* (NKS-Forlaget, 1990) blir *skulptur* forklart med 'ethvert tredimensjonalt kunstverk'. *Statue* er ikkje oppslagsord. I den danske

Kunstordbog (Gyldendal, 1965) blir *statue* forklart med 'billedstøtte', mens *skulptur* er 'modelleret, uthugget, skåret eller støpt billedværk'.

Nå om sommaren sit vi mykje ute på *terrassar*, *altanar*, *balkongar* og *verandaer*. Men kva er skilnaden på dei?

TERMINOLOGGEN

Du finner en oppdatert kalender over kommende terminologirelaterte arrangementer på våre nettsider: www.sprakradet.no/termkalender.

Noen kommende arrangementer

4.-6. august arrangerer FIT (Fédération Internationale des Traducteurs / International Federation of Translators) ein verdskongress i Berlin. Dette er den 20. kongressen deira, og tittelen er «Man vs. Machine? The Future of Translators, Interpreters and Terminologists». Du finn meir informasjon på www.fit2014.org.

18. november er det klart for Språkrådets årlige språkdag. I år er det fagrådet for terminologi og fagspråk som er ansvarlig for programmet. Informasjon om programmet og påmelding blir lagt ut på [nettsidene til Språkrådet](#) når den er klar, så følg med der.

27.-29. november er det tid for EAFT Summit 2014. EAFT er den europeiske terminologiforeninga, og anna-kvart år arrangerer foreniga eit «toppmøte». I år finn EAFT Summit sted i Barcelona, og temaet er «How does social networking affect terminology work?». [Du finn meir informasjon på nettsidene til EAFT](#).

TERMINOLOGIARBEID I SPRÅKRÅDET

Postadresse:
Postboks 8107 Dep
NO-0032 OSLO
Besøksadresse:
Observatoriegata 1 B
NO-0254 OSLO

Telefon: 22 54 19 50
Telefaks: 22 54 19 51

www.sprakradet.no

Språkrådet

RIKTIGE TERMER GIR
GODT FAGSPRÅK

Språkrådet har et overordnet, nasjonalt ansvar for å samordne utvikling og tilgjengeliggjøring av norsk terminologi. Arbeidet med terminologi er plassert i seksjon for fagspråk og språk i samfunn og høyere utdanning. Tre rådgivere arbeider på området, og de samarbeider tett med Språkrådets fagråd for terminologi og fagspråk. På området skal Språkrådet

- ta initiativ til, legge til rette for og samordne aktivitet
- være en aktiv pådriver for forsknings- og utviklingsarbeid
- søke å koordinere praktisk terminologiarbeid i næringslivet
- assistere fagmiljøer og hjelpe til med å bygge opp termdbaser
- bygge allianser som kan føre til økt interesse og ansvar for norsk terminologi og fagspråk
- gi råd til offentlig forvaltning, næringsliv og publikum

<http://www.sprakradet.no/nb-NO/Tema/Terminologi-og-fagspraak>

Språkrådet gir ut en rekke publikasjoner, blant annet *Termlosen*, en innføring i terminologiarbeid. [Du kan lese mer om *Termlosen* her.](#)